



Saksframlegg

Bruk av ungdomsrådet sine midlar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Bakgrunn for saka:

Fyresdal ungdomsråd har årleg kr 20.000,- til eigen bruk. Desse midlane har blitt brukt litt variert opp gjennom åra, og nokre år har dei ikkje blitt brukt i det heile. Her er nokre eksempel på kva midlane har blitt brukt til tidlegare:

- Utstyr til ungdomsklubben, TV, spill osv.
- Benk i bryggeparken
- Hengekøyer til utlån i bryggeparken
- Utstyr til pepperkakekonkurranse på klubben
- Eigne gensere
- Tilskot mekkeklubben i regi av kyrkja

Seist denne saka blei drøfta ville ungdomsrådet ha ei politisk sak, med retningslinjer til bruk av midlane. Dei ynskjer å lyse ut på vinterhalvåret at pengane er søkbare frå andre til bruk for barn og unge i Fyresdal kommune.

Ein må da lage nokre enkle reglar og sette ein tidsfrist om ein ynskjer det, og så ha ein fordeling til dømes i novembermøtet.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillge i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal styrke frivilligheit og oppmuntre eldsjeler:

- Stimulere til politisk arbeid*
- Stimulere til frivillig arbeid*

Det er ein fin ting å gjere merksam på ordninga, og gjere den tilgjengeleg for fleir.

Retningslinjer og kriterier:

- Tilskotet skal gå til barn- og unge

Utlysing før 01.04 kvart år
Søknadsfrist 01.10. kvart år
Fordeling i november møtet kvart år
Øvre sum pr. søknad er kr 5.000,-

Konklusjon:

Fyresdal ungdomsråd vedtar retningslinjer for bruk av ungdomsrådet sin disponible pott slik:

Retningslinjer
Tilskotet skal gå til barn- og unge
Utlysing før 01.04 kvart år
Søknadsfrist 01.10. kvart år
Fordeling i november møtet kvart år
Øvre sum pr. søknad er kr 5.000,-

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal ungdomsråd vedtar retningslinjer for bruk av ungdomsrådet sin disponible pott slik:

Retningslinjer
Tilskotet skal gå til barn- og unge
Utlysing før 01.04 kvart år
Søknadsfrist 01.10. kvart år
Fordeling i november møtet kvart år
Øvre sum pr. søknad er kr 5.000,-

Med løyving frå 1261.470

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur